

Frå: Anne Lise Molvik
Send: fredag 26. august 2022 15:13
Til: goenhaag@hotmail.com
Emne: Førebels svar på førespurnad om førehandskonferanse - gbnr 108/474
Lindås
Vedlegg: Kart discgolfbane.docx

Hei Bård Groen Haag og Jarle Johannessen

Eg viser til førespurnad om førehandskonferanse og møte om saka 24.08.2022.

Slik avtalt på møtet avventar vi gjennomføring av førehandskonferanse i denne omgang. Ved behov for ytterlegare avklaring i saka vil det verta send inn ny førespurnad. Det bør då leggja ved førespurnaden oppdatert kart som viser plassering av anlegget, med ei enkel skildring av kva tiltak som skal etablerast på det enkelte punkt, t.d utslag på treplattung/grusa området m.m. Kommunen vil då ta ein endeleg gjennomgang av tiltaket og avklara om anlegget vil ha behov for behandling etter plan- og bygningslova eller om det er trong om uttale/avklaring i forhold til Vestland kommune som vegeigar. Vi gjer merksam på at førehandskonferanse er ei gebyrlagt teneste. Per dato kr 3 500,- for svar per brev og kr 5 500,- for møte.

Det planlagte discgolfanlegget ligg sentralt på Lindås, delvis innanfor reguleringsplanen for Riksveg 568 gjennom Lindås tettstad, planid. 1263199001, delvis innanfor reguleringsplanen for ny kommunal Lindås barnehage, planid. 1263-201803, og ein mindre del innanfor kommunedelplanen for Lindås. Plankart og føresegner finn du her:

Reguleringsplanen for Riksveg 568

Plankart:

<https://www.nordhordlandskart.no/WebServices/generic/Media.aspx/Download?&uuid=86714b8b-320e-445b-b9f7-972397cf5efe>

Føresegner:

<https://www.nordhordlandskart.no/WebServices/generic/Media.aspx/Download?&uuid=d1404bbe-7dad-46f9-9619-99e628dc6537>

Plankart barnehageplanen:

<https://www.nordhordlandskart.no/WebServices/generic/Media.aspx/Download?&uuid=bd8aa33d-9983-48d5-a1ea-8156204c63ab>

Føresegner barnehageplanen:

<https://www.nordhordlandskart.no/WebServices/generic/Media.aspx/Download?&uuid=7a766d1b-8e2c-4d61-a7de-9e649c76a2fb>

Sjå elles <https://www.nordhordlandskart.no/pr>

Vedlagt følgjer oversiktskart som viser regulert område.

Plassering av nye tiltak må ikkje skje i strid med byggegrenser mot veg eller siktsoner, på areal som er sett av til veg, fortau, parkeringsareal eller liknande. Ny tiltak og aktivitet må heller ikkje koma i konflikt med turveggar eller anna etablert aktivitet i området. Kryssing av veg må unngåast.

Vennleg helsing

Anne Lise Molvik | Rådgevar byggesak

Telefon: 56 37 56 40

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



ALVER
KOMMUNE